

HANABERGSMARKA UNDER 2. VERDSKRIGEN

TOR ØDEMOTLAND OG MÅLFRID SNØRTELAND

Som kjent har staten kjøpt inn storparten av bruk 18/1 på Audamotland og utmarka og kulturbeite på Kvia (gnr./bnr.19/6) til friluftsfelt og kulturvernområde. Bakgrunnen for dette er dei mange fornminna og kulturminna i området som representerer gravminne, hustuffer og dyrkingsspor frå ulike tidsaldrar.

«Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområde», og dei mange ulike fornminna, er presenterte i ein annan artikkel i årboka. Men også dei tyske okkupantane under 2. verdskrigen kom til å setja varige spor i landskapet på Kvia/Audamotland. I denne vesle artikkelen skal me sjå litt nærare på den tyske militærforlegninga frå 1942–1945, eller «Kvialeiren» som anlegget blei heitande på folkemunne.

På toppen av Hanaberget tronar den over 3000 år gamle gravhaugen frå bronsealderen jamsides med kommandobunkeren og fundamentet etter det tyske radaranlegget frå 2. verdskrigen. To andre gravhaugar vart raserte då dei tyske okkupantane laga bunkerar her og dessutan bygde brakker innåt gravminna. Ennå ligg piggrullar innimellom brakkemurane.

Kvifor skulle så krigsmakta forstyrre freden til den mektige kvinnå som ein gong vart gravlagd her på toppen av Hanaberget – med vidt utstyn over jærlandskapet?

Det vide utsynet var nok ein vesentleg årsak til at tyskarane i 1942 tok til å byggja opp batteri nr. 6 i Marineartilleriavdeling 503, eller «Kvialeiren» som anlegget blei heitande på folkemunne. Dei frykta fienden i vest og hadde trong for å overvaka både havet og luftrommet utanfor strendene. Anlegga på Kvia-Audamotland var ein viktig lekk i dei tyske forsvarsverka langs jærkysten.

Under «soppen» på kommandobunkeren stod det ein svær optisk stereo avstandsmålar. Inne i bunkeren var det ein stor mekanisk reknemaskin. Rekne-maskinen vart mata med f.eks. avstand, retning, kurs og fart (for skip), vindstyrke og vindretning, granattype og drivladning i bruk. maskinen rekna då ut retning og elevasjon i grader og minutt for kanonane.


Det er fortald at då tyskarane heldt på med støypearbeidet arbeidde dei dag og natt, under fullt flomlys. 40 tonn jern skulle ha gått med til bygginga.

Radaranlegget (FuMO 214/215 Seear) blei brukt til måloperasjonar og avstandsmåling. Når tyskarane ikkje hadde øvingar var radaren ved sida av kommandobunkeren kamuflert av eit flettverk av taumateriale. 40 år seinare minnest Rolf Kvia «kyrkja på Hanaberget» i ein liten epistel :

«Ja, nettopp! Ho stod der i hine dagar med tårn og spir, kvitmåla, og skein omkapp med sjølve storesystertera på Skjærpe grunn. (– –). Dessutan så hende det

at det kom ei uro over sjølve kyrkehuset, gjerne på klårversdagar. Tok ein auga av henne ei stund og kikka på ny så kunne det såmenn henda at ho stod på tvers av det ein såg sist, eller at tårnet hadde flytta seg frå aust til vest. Løgnast var det at ho kunne leggja seg bra over på skakke den eine eller hin vegen. Det var som ho leita med spiret sitt etter eit eller anna under den store himmelkvelvingen, og slik var det nok. Kyrkja hadde kjent dette på seg lenge før me kunne sjå den vesle prikken høgt mot sky og høyra den kjende duren av eit engelsk fly som skulle sjå te'færene og kanskje ta med viktige opplysningar til Churchill & Co. Piloten var nok mang ein gong norsk. Vi gledde oss over desse vitjingane som fortalde oss at fridomen fanst ein stad, om tida ikkje var så lys.»

Ein annan viktig årsak til at tyskarane valde å etablere ei militærforlegning på Kvia-Audamotland var at jernbanen går gjennom området. Under krigen blei Sørlandsbanen mellom Stavanger og Oslo gjort breispora. Tyskarane la ut sidespor frå jernbanen på Audamotland. I desember 1944 rulla fire franske 24 cm. jernbanekanonar inn på sidespora. Traseane etter jernbanespora og kanonplattungane er det enno tydelege spor etter i terrenget. Desse kanonane hadde hatt ein lang veg og ei lang historie. Dei skulle opphavleg vera produserte av St. Chamoud og Scheider kring 1906 og heitte 93/96 M. Tyskarane tok åtte slike kanonar i Frankrike under felttoget i 1940. Her hadde dei sist vore i bruk under 1. verdenskrigen (1914–1918). Fire av dei hamna altså i Norge- først i Narvik, sidan på Kvia. Kvar kanon vog nærare 15 tonn. Dei var rundtskytande, hadde ei granatvekt på 190 kg., ein utgangsfart på 800 m pr. sekund og ei rekkjevidde på vel 22 km.



Radaren som stod på toppen av Hanaberget.
* Tor Ødemotland

Jernbanekanonane blei berre brukte ein gong, til prøveskyting 18. desember 1944. Då måtte gardsbruket Båden evakuerast. Og den gamle stoveklokka på Audamotland stogga visstnok av lufttrykket.

Etter krigen vart jernbanekanonane transporterte til




Flyfotografiet viser tydeleg traseane etter jernbanespora og oppstillingsplass for kanonene. Foto: Tor Ødemotland.

Slitu stasjon ved Mysen, og mellombels lagra i eit sandtak. Etter ein del år blei dei så hogde opp.

Til dette batteriet hørde og ein 15 cm lysgranatkanon ved fyret på Obrestad som hadde til oppgåve å lysa opp sjøen ved ein eventuell invasjon. I følgje tyske oppgåver bestod 6. batteri elles av følgjande

utstyr: 7 stk. 2 cm luftvernkanonar, 20 flammekastarar, 2 stk. 150 cm lyskastarar, 2 stk. 60 cm lyskastarar, 9 tunge og 2 lette maskingevær. Sjølve batteriet bestod av omlag 230 mann. I tillegg var det ein del mannskap frå andre avdelingar. Batterisjef var Oberleutnant der Reserve Heinz Redies.



*Ei av jernbanekanonane fotografert på Nærbø stasjon. * Tor Ødemotland.*

Forutan brakkene på Hanaberget var det brakker på begge sider av Bådavegen. Enno er her synlege spor etter messe, mannskapsbrakker og to aggregatbunke-rar. Rundt heile Hanaberget var det dessutan lagt ut minebelte og mange mindre skytestillingar. Ei ku, nokre lam og harar var heldigvis dei einaste krigs-offera på den fronten.

Tor Ødemotland

f. 1945 på Audamotland i Hå. Seljar i Eik Landbruks-senter, Klepp. Busett på Klepp.
